

# Kartlegging og vurdering av Kulturmiljø/kulturminne på Hauge

**Vedlegg til  
Områderegulering for  
Hauge, gnr. 63/ 455, 464, m.fl. Bjørnafjorden kommune**



Nasjonal arealplan id:

Datert xx.01.2020

## Innhold

1	Innleiing .....	3
1.1	Bakgrunn og avgrensing .....	3
1.2	Metode .....	5
1.3	Grunnlag.....	6
2	Beskrivelse .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1	Kulturhistorie ved hauge.....	7
2.1.1	Spor frå Istida .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.2	Spor frå Steinalder- Bronsealder.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.3	Jernalder/Vikingtida .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.4	Middelalder .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.5	Litt om Ous Herad (1837-1855).....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.6	Os og Hauge som reiselivsdestinasjon.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.1.7	Andre verdskrig – til 2019.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.2	Registrerte kulturminne (Enkeltobjekt og anlegg). ....	27
2.3	Automatisk freda kulturminne .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4	SEFRAK-registrerte bygningar.....	28
2.4.1	Einebustad/garasje (Sjoavegen 8) (Ubetydleg verdi) .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4.2	Bjørnefjorden Hotell, gnr. 63/bnr. 455 og 646 .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4.3	Våningshus .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4.4	Ombygd løe frå 1655.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4.5	Kårhus.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.4.6	Andre bygningar på gnr./bnr. 63/455.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.5	Ferdselsårer .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.6	Bygningsstruktur .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.7	Andre kulturminne (steingardar, brygger, naust...) .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
2.7.1	Krigsminne (Støttepunkt Hauge) .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
3	Verdivurdering.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
4	Vurdering av sårbare område.....	59
5	Oppsummering og konklusjon (anbefaling) .....	59
6	Vurdering og tilråding.....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>


<b>Prosjekt:</b> Bjørnafjorden Panorama	Rapportdato:
<b>Plannamn:</b> Områderegulering for Hauge, gnr. 63/ 455, 464, m.fl. Bjørnafjorden kommune	<b>Plannr.</b> Saksnr.
<b>Rapportittel:</b> Kartlegging av kulturminne	
<b>Fylke:</b> Hordaland	<b>Kommune:</b> Bjørnafjorden (Os)
<b>Stad:</b> Hauge, aust for Osøyro	
<b>Samandrag:</b> I samband med områdeplan for gnr. 63, bnr. 455 mfl. er det utarbeida ein kulturminnedokumentasjon. Formålet med planarbeidet er i hovudsak meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken. Innanfor området er det fleire kjende automatisk freda kulturminne, nyare tids kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg. Kulturhistoria til Haugeområdet og dei ulike kulturminna og kulturmiljøa er dokumentert i denne rapporten. Denne analysen omfattar kartlegging og vurdering av kulturminne, og utgjer første del av ei konsekvensvurdering for tema kulturminne. Vurderingar av konsekvens inngår ikkje i analysen, men vil bli utført på grunnlag av verdsetjing og vurdering av omfang av tiltaka, etter modell frå Vegvesenets håndbok V712 Konsekvensanalyser. Verdisetting av kulturminne og kulturmiljø er gjort ut frå riksantikvaren sin rettleiar. Det blir gjort ei verdivurdering av dei utvalde kulturmiljøa i planområdet som er registrert: Ubetydeleg – Noko (lokal verdi)– middels (regional verdi)- Stor verdi (nasjonal verdi). Automatisk freda kulturminna er av nasjonal verdi «Stor verdi».	
Oppdragsgjevar: Bjørnafjorden kommune	Forfattar: Bjørnar Ophaug Boge

## 1 Innleiing


### 1.1 Bakgrunn og avgrensing

Med bakgrunn i oppstart av områdeplan for Hauge er det utarbeida kulturminnedokumentasjon for eit større område for å sjå desse i samanheng og som grunnlag for planarbeidet og konsekvensutgreiinga. I området er det fleire registrerte automatisk freda kulturminne, nyare tids kulturminne og SEFRAK-bygningar. Området er del av eit større, heilskapleg kulturlandskap som ein identitetsberar for området. Formålet med planarbeidet er meir detaljerte områdevise avklaringar av arealbruken innanfor området samt sjå viktige forbindelsar i samanheng.

Planområdet er på om lag 249 daa. Området består i dag av ulik busettnad frå ulike tider, gardsbruk, einebustader, omsorgsbustader, seniorbustader. I området er det fleire registrerte automatisk freda kulturminne, SEFRAK-bygningar og Krigsminne frå andre verdskrig, i tillegg til særprega bygningsmiljø langs strandlinja.



Figur 1. Lokalisering av planområdet. Området er lokalisert på Haugetrassen, i området er det fleire registrerte automatisk freda kulturminne, nyare tids kulturminne og SEFRAK-bygninga. Det er langs Fusafjorden, Eikelandsfjorden, Ålandsfjorden og Bjørnafjorden fleire registrerte kulturminne. På Haljem (Grødalshaug), Vinnes og ved Samnøy er det helleristningar frå Bronsealderen. Holmefjordmannen er for eksempel eit sjeldan funn av eit steinaldermenneske. (Askeladden).



Figur 2: Avgrensing av planområdet og kulturminne og SEFRAK- bygningar innanför planområdet.

## 1.2 Kulturminne- ikkje ein fornybar ressurs

Kulturminna er ein del av landskapet og gjev oss visuelle og estetiske opplevingar. Kulturlandskapet har endra seg i takt med folketalsutvikling, næringsutvikling og teknologisk utvikling. Når noko nytt skal byggjast, må ofte det som var der frå før vika. Kulturminna er såleis ein ikkje - fornybar ressurs. Difor er det viktig at me også tek vare på døme frå vår eiga tid – dei er kulturminne for framtida. Planen viser status og gjer dei einskilde kulturmiljøa innanfor planområdet/influensområdet ein verdi. Vidare er sårbarheit innanfor kulturmiljøet og retningslinjer for vidare forvaltning, slik at ein best råd skal kunna ta vare på viktige fysiske spor frå fortida.

## 1.3 Metode

Denne analysen omfattar kartlegging og vurdering av kulturminne, og utgjer første del av ei konsekvensvurdering for tema kulturminne. Vurderingar av konsekvens inngår ikkje i analysen, men vil bli utført på grunnlag av verdsetjing og vurdering av omfang av tiltaka, etter modell frå Vegvesenets håndbok V712 Konsekvensanalyser. Verdisetjing av kulturminne og kulturmiljø er gjort ut frå riksantikvaren sin rettleiar.<sup>1</sup>

### *Verdivurdering- kriterier for verneverdi*

Kulturminnet bør ha ein eller fleire verdiar knytt til kunnskapsverdi, bruksverdi eller opplevingsverdi. Riksantikvaren har laga eit sett med kriterium som nyttast for å gjennomføra ei systematisk vekting og verdisetting:

- *Representerer faser med særlig betydning for historien*
- *er knyttet til virksomheter med særlig betydning for historien*
- *er knyttet til hendelser eller begivenheter med særlig betydning for historien*
- *er knyttet til personer med særlig betydning for historien*
- *er av særlig betydning for en eller flere etniske grupper (den samiske urbefolkningen, nasjonale minoriteter eller andre etniske grupper)*
- *har særlig arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi har særlig betydning som kilde til historien der det finnes få eller ingen skriftlige kilder*
- *har særlig betydning som ressurs for lokal utvikling og verdiskaping*
- *har en alder eller er av en type som utløser juridiske virkemidler på nasjonalt plan (dvs. kulturminner som er fredet etter kulturminneloven)*

Plan- og influensområdet vert delt inn i delområde – her kalla kulturmiljø. Det er definert 5 slike i denne temarapporten. Avgrensing av kulturmiljøa er basert på registrering og kartfesting av kjent kunnskap om kulturminne. I handbok V712 er det lista opp fleire ulike registreringskategoriar for kulturmiljø bl.a. automatisk freda kulturminne, gardsmiljø/fiskebruk og kulturlandskap. I denne utgreiinga har ein vald å lage delområde som inneheld fleire slike kategoriar. Dette er ein metode som V712 opnar opp for, og slik får ein betre framtidssjupna og viktige samanhengar i delområda.

Det blir gjort ei verdivurdering av dei utvalgte kulturmiljøa i planområdet som er registrert: Ubetydeleg – Noko (lokal verdi)– middels (regional verdi)- Stor verdi (nasjonal verdi). Automatisk freda kulturminna er av nasjonal verdi «Stor verdi».

<sup>1</sup> Riksantikvaren. 2019, Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel for tema kulturminner og kulturmiljøer

## 1.4 Grunnlag

Informasjon om kulturminna og kulturhistoria er innhenta frå utførte rapportar, offentlege databasar som askeladden, kulturminnsøk og ei Grind, Os kommune, fylkeskonservatoren og tidlegare arbeid med planforslag. Ei viktig kjelde for kartlegginga har vore bladet «Hauge- ein god gard ved Fjorden» frå 2016, skrive av Nils Georg Brekke og Svein Indrelid, dette bladet ligg vedlagt. Utgangspunktet for GRIND er dei to kunnskapsbøkene om Hordaland; Kulturhistorisk vebok (1993) og Naturhistorisk vebok (2004). Bøkene representerer ei nyskaping i formidling av «kunnskap i fullformat» frå forskarane i fagmiljøa, gjennom pedagogiske tema-artiklar, kombinert med naturhistoriske og kulturgeografiske presentasjonar av landskap og lokalitetar i kommunane, eit rikhaldig biletstoff i høg kvalitet og historiske kart og grafikk. Gard- og ættesoga for Os band 3 er også nyttå for området i tillegg til kjelder frå årsskrifta «Osingen» kvar Hauge er nemnt i ulike samanhengar. Kulturhistorisk vebok for Hordaland er også nyttå i arbeidet, samt bøkene : «Postvegen over Fusafjellet 200 år», « Det regner i fjellet-: den aktive illegale, militære motstand i Os, Hordaland, under okkupasjonen 1940-45». Bøkene ligg alle tilgjengeleg på internett under Nasjonalbiblioteket. Enkel tilgang til digitaliserte bygdebøker er via denne linken [https://www.genealogi.no/wiki/index.php/Lista\\_over\\_digitaliserte\\_bygdeb%C3%B8ker\\_%E2%80%93\\_Hordaland\\_d](https://www.genealogi.no/wiki/index.php/Lista_over_digitaliserte_bygdeb%C3%B8ker_%E2%80%93_Hordaland_d).

Temakart og foto som ikkje er referert er utarbeidd av ABO Plan & Arkitektur AS. I samband med arbeidet er det utført synfaringar av området. Det har tidlegare vore utarbeidd kulturminnedokumentasjon for andre deler av Haugeområdet i høve utbygging av lågblokker i Solstrandsvegen samt to mindre rapportar i høve utbygging av Luranetunet. I tillegg er det påbegynt kulturminnedokumentasjon av bygningar som tilhørar Bjørnefjorden hotell (gjestetun tidlegare) i dag.

Planområdet er området som fysisk kan bli råka av tiltaket. Planområdet er det same for alle tema. Influensområdet er eit større område utanfor sjølve planområdet. Influensområdet utgjer undersøkingsområdet og vil variera frå tema til tema. Influensområde for tema kulturminner og kulturmiljø er definert med grunnlag i forventningar om at tiltaket vil kunne ha positivt eller negativ påverknad på kulturminne og kulturmiljø. Arealbeslag, barrierar, støy og visuell påverknad kan vere med på å definera storleiken på influensområdet.

## 2 Skildring

### 2.1 Kulturhistorie ved Hauge


Kulturhistoria i området er godt beskrive i bladet «Hauge- ein god gard ved Fjorden» frå 2016, skrive av Nils Georg Brekke og Svein Indrelid som ligg vedlagt. Beskrivinga i dette kapitelet kan sjåast på som kort oppsummering/supplement for å gje ein oversikt over kulturhistoria i området.

#### 2.1.1 Eldre Steinalder 10 000 – 4000 f.Kr.

Området på Hauge/Haugetrassen har fleire viktige kulturminne og kulturlandskap. Heilt frå yngre steinalder jernalder, bronsealder til nyare tid, har menneske hatt ei dragning mot området sine særskilde kvalitetar. Området på Hauge er del av Haugetrassen, som tok form etter siste landhevinga etter istida. Utraget under er henta frå nettsida «Ei Grind» under temaside om Os. Utdraget skildrar korleis istida har påverka landskapet i og rundt Hauge.

*Elvar, og seinare isbrear, har grave djupe dalar og fjordar langs soner med mjuke fjellslag, til dømes Hegglandsdalen og den djupe Fusafjorden. Os vart isfri for om lag 14 000 år sidan. Havet trengde då inn over Osdalføret heilt til Hauglandsvatnet. Skjel frå denne tida er å finna på elvebotnen i Oselva, i Stongavatnet ved Tøsdal. 1500 år seinare rykte breen fram att, frå fjellområda i Svenningen og ned Osdalføret og ut gjennom Fusafjorden. Brefronten som gjekk ut fjorden, stoppa opp då han nådde ut til Haugsneset og Vinnes. Havet stod då 58 meter høgare enn i dag. Det vart avsett tjukke morenemassar på Hauge, mellom breane i Fusafjorden og Osdalføret (Helland-Hansen et al., 2020).*

Morenemassane har seinare gjett gode vilkår for jordbruk som soleis seinare har gjeld grunnlag for busetjing i området.



Figur 3. Marin grense, havnivået før landhevinga etter siste istid og lausmassekart, tidlegare plangrensgrensning. Kjelde: NGU.

*Dei første menneska kom til kysten vår på slutten av siste istid. Dei busette seg der det var bert land, som øyar, holmar og skjer. For 8000-9000 år sida budde det folk på Lepsøy og Strøno, i Askvik og på Røtingo, som jeggar og fiskarar. Buplassane var i lune viker Sund og straumar og ute på holmane der kobben kvilte*

seg på Svaberg. Det er gjort funn av steinøksar på Os som er mellom 7000-9000 år gamle. Funn av to mindre steinmeislar syner at dei også har vore innom Haugetarrasen. Det er uvisst om dei budde her fast i den første tida og dei levde stort sett av jakt og fiske (Brekke & Indrelid, 2016).

### 2.1.2 Bronsealder 1700 f.Kr. -500 f.Kr og Romartid

Husdyrhald og åkerbruk kom først for om lag 4000 år sidan då havgående fartøy vart bygd og gav grunnlag for handel med utveksling av nye varar og reiskap til bruk i arbeidet. Menneska flytta seg til områder som var meir eigna til åkerbruk, som til dømes Haugeterrassen. I Luraneområde er det fleire funn av reiskap i bruk, spor etter bygningar og levemåtar frå eldre tider. Gjennom 4-4000år har det altså budd folk på Haugetarrasen- meir enn hundre generasjonar (Brekke & Indrelid, 2016). Det er i Askeladdens database tre registrerte busetjingsaktivitetsområde innanfor planområdet, datert frå eldre bronsealder, jernalder og romartid, to av desse vart fjerna i forbindelse med utbygging av Luranetunet. Eit område er framleis i takt frå bronsealder, lokalisert på Lurane.



Figur 4: Lokalisering av kulturminne frå bronsealder og romartid innanfor planområdet.

### 2.1.3 Jernalderen 500 f.Kr. – 1050 e. Kr


På 900-talet var Hauge ein del av storgarden Bø. Opphavleg omfatta storgarden Bø heile området mellom Oselva, Vallaelva og Fjorden. Hauge vart alt skilt ut av frå Hovedgarden Bø på 900-talet (jernalderen) (Brekke & Indrelid, 2016). Namnet Hauge er av det gammalnorske haugr, haug, ei høgd. Gardar som låg opp frå sjøden fekk gjerne namn frå haugnamn frå gamal tid. Det same gjeld gardar med gravhaugar og liknande (Gard og ættesoge for Os, band 3, side 536). Bø- namnet kan gå attende til tida rundt Kristi fødsel og kanskje tidlegare, bø tyder busetnad eller gard. På Haugeterrassen er det 12 kjende gravhaugar, åtte på Hauge, to på Bø og to på Lyssand. Av desse ligg åtte igjen att, men nokre er skadde og lite å sjå til. Kongshaugen den mest ruvande og kjende gravminne på Hauge. Kongshaugen er eit monument over ein stormann som levde på 500- talet. I gravkammeret vart det funne våpenøks, sverd, to spyd, fleire piler, skjold, tollekniv, leirkar og trespann (kulturminnesøk). Kongshaugen har tidlegare lege høgt og fritt med vidt utsyn over Fusafjorden og landet på austsida. Sjøfarande har gjennom meir enn 1000 år sett haugen som eit ruvane element over synsranda. Kongshaugen syner at det har sete mektige folk på Bø-Hauge på 500-talet. Den andre Kongshaugen i bygda, på Haugland, og dei rike funna på Døso syner at det på denne tida fanst i det minste to, og hende tre storgardar eller maktsentra i Os, med kvar sine ættehovdingar. På Hauge står det tre bautasteinar. Ein fjerde vart funne ved utgravinga på Lurane i 2012 (Brekke & Indrelid, 2016)



Figur 5: Lokalisering av kulturminne frå Jernalderen.

#### 2.1.4 Middelalder 1050 – 1537 e. Kr.

Joar Hauge og Torstein Hauge var nemde som brukarar på garden Hauge i 1332 og er første menn som er namngjevne her (Gard og ættesoge for Os, band 3, side 537). På denne tida var Noreg for lengst kristna og svartedauden stod snart å banka på døra. Garden hauge låg lenge under Lyseklostergodset, frå ein gang på 1400 talet fram til 1873 då Peder Rassmussen Hauge kjøpte bruket av Lysekloster. Første frådeling av garden Hauge fann alt stad i 1643. I 1519 finn man at Os (forutan Lysekloster) var saman med gardane i Fuså som ligg nord for Skjelbreid og Samnanger i Framnes Skipsreide. Skipsredene går tilbake til 900-talet. Strandvik var eige skipreide med gardane i Fuså som ligg sør Skjelbreid. Fjorden var den gong hovudferdselsåre og batt skipreida saman og låg seinare til grunn prestegjeldsinndelinga/heradsinndelinga. I gards og ættesoga til Fuså står det at «bøndene i skipreida skulle holde langskip med segl, årar (20- til 25-tofter par årar) og alt som høyrdet til, naust åt skipet og i ufredstider mannskap og utrustning» (Soga Fuså Hålandsdal band 1, side 17).



Figur 7: Dette kartet over skipreideinndelinga i mellomalderen byggjer på Magnus Lagabøtes testamente frå 1277. Ikke alle grenselinjer er like nøyaktige. Den andre administrative inndelinga av landet var kyrkja si inndeling i prestegjeld og kyrkjesokn, delvis – men ikkje heilt – saman fallande med skipreide grensene (kjelde : ei grind)



Figur 8: Dette kartet byggjer på skattematrikkelen frå 1647, der det går fram kva skipreide kvar gard høyrd til. På dette tidspunktet hadde leidangen mist sin funksjon som forsvarsordning, og skipreidene var først og fremst ei administrativ inndeling. Kvar skipreide hadde i mellomalderen sitt leidangsskip og naust. Nokre av dei kjende nausttuftene er markerte på dette kartet, likeeins sikre namnetradisjonar (Skipavik, Skipadalen osv.). Einskilde av desse nausttuftene er frå jernalderen og har såleis neppe noko samband med leidangsskipet. Det er ei fin forskningsoppgåve å prøva å skaffa fram eit fullstendig oversyn over dei gamle nausttuftene for leidangs skipa i mellomalderen. Eit utgangspunkt for dette kan vera det som er nemnt i Magnus Lagabøtes bylov (kjelde: ei grind).

### 2.1.5 Tidleg nytid og eineveldet 1537 - 1814

Fra midten av 1500-tallet preges både byene og bygdene av ny vekst i folketall og handel. God tilgang på tømmer og fisk gjorde at utanrikshandel tok seg opp. Auka kontakt og aktivitet førte til både inn- og utflytting av handelsfolk og håndverkarar. Ferdsel og transport til sjøs er dominerande også i dette tidsrommet, men på denne tida kom også postvegane og kongevegane. Den Stavangerske Postveg kuven- stegle (tidlegare kyrkjeveg) er lokalisert nord for planområdet. Postvegen følgde det som i dag er Klokkgarden, kryssa arealet til Os barneskule og Os ungdomsskule, passerte Osbruø og følgde Gamle Finnabrekko vidare. Seinare over Hauge og langs Midtbøvegen til Klyva og Stegle og vidare med båt frå Hatvik til Fusa.



Figur 6: 1790. Ridevegen frå Torven på Søfteland via Hetlefåten og Kuven til Osøyo. Osbruø (Stavangerske postveg) og kyrkjeveg til Hatvik. Kyrkjeveg frå Moberg til Skeie. (Henta frå: kulturminnegrunnlag, Osøyo 2018)

I boka Postvegen over Fusafjellet 200- år finn ei vidare informasjon om postvegen:

Det norske postverket og dei første postrutene vart skipa i 1647. Omtrent på denne tida starta og postruta mellom Bergen og Stavanger. Posten gjekk då over Bjørnafjorden med båt til Moberg i Os til Våge på Tysnes og vidar over land til Onarheim. Posten gjekk då kvar veke i begge retningar, men nokon regelmessig postgang vart det ikkje ut av det. Stor sett gjekk posten «naar stiftamtmanden det forlangte». Ruta vart lagt ned i 1690 fordi postmengda var lita og riksstyret fann det difor ulønsamt og uturvande å halda postruta i gang. I 1770-åra vart spørsmålet om postgang mellom Bergen og Stavanger ein gong i veka igjen take opp. Den «Stavangerske posttruar» kom i gong igjen ein gong mellom 1785-1786 etter nesten 100- års lang kvilepause. Ruta gjekk frå Bergen over land forbi Byrkjeland og Søfteland til Os. Postvegen følge det som i dag er Klokargarden, kryssa arealet til Os barneskule og Os ungdomsskule, passerte Osbru og følgde Gamle Finnabrekko vidare. Seinare over Hauge og langs Midtbøvegen til Klyva, Stegle til Hatvik og over fjorden til Fusa i båt. Vidare vart posten bore på rygg over Fusafjellet til Særvoll i Strandvik, over Bjørnafjorden til Sundfjord, over land til Husa i Ølve, rodd til Hellvik og vidare over Skånevikfjorden til Leknes. Derifrå over land til Ølen og Træet i Sandeid og gjennom Ryfylkefjorden via Nedstrand, Ramsvik på Sjernarøy, Judaberg på Finnøy, Gangnes på Rennesøy og til Stavanger. Ruta var 19 mil lang og posten skulle gå kvar laurdag ettermiddag frå klokka fem frå Bergen til Stavanger og motsett veg frå Stavanger kvar tysdag klokka 12. Ruta skulle ta 36 timer, men timestelane viste vanlegvis 3 døgn, og ofte meir. Det var nesten berre posten som nyttet denne ruta, då den var for stri for vanlege folk. Dei tok heller sjøvegen (kulturminnelag., 1986, pp. 2-3).

Som historisk veifar, står postvegene i en særstilling. Postvegene er del av første generasjon offentlig vegnett, som har bunde landet saman. Som opphavleg offentleg veggrunn har ikkje postvegene eige matrikkelnummer, men er, dersom ikkje anna er dokumentert, framleis i statleg eige. Statens vegvesen har sektoransvar for vegminne og skal høyrast i saker som vedkjem postvegane.

## **2.1.6 Ous herad 1837-1855 (frå boka Ous prestegjeld: Os, Samnanger, Strandvik og Hålandsalen herader 1837-1937)**

Med formanskapslova i 1837 fekk folket Os eiga sjølvstyre. Første heradsstyrevalet for bygdene vart halde i handelsbua på Holsund i Fusa, oktober 1837 (Tveit, 1937, p. 16). Kommunane Fusa, Samnanger og Os vart då eitt herad, med namnet Ous. Heradmøta haldt ofte til i Holsund, men møteplassen skifta plass litt etter kva krins som hadde ordføraren, ofte vart møta haldne hjå ordføraren. Sjølv om mange av heradstyrmedlemene hadde lang veg lang veg til møta, så var frammöta godt. Om ein ikkje møtte til heradsmøte fekk ein ei bot på  $\frac{1}{2}$  spesidaler (60 skjeling) for fråvær utan grunn, det var ei stor bot på den tida, då var ei vanleg dagsløn var berre 15-20 skjeling (Tveit, 1937, p. 25). Utdraget under syner at det ikkje var enkelt å få godkjent fråvær frå heradsmøta:

*«Fyrst etter nøgje innhenta upplysningar og røysting um kvart forfall vart det teke avgjerd um godkjenning eller ikkje godkjenning. Sjukdom vart vanleg rekna som lovleg forfallsgrunn, og då ein mann var fråverande, av di han døydde nett fyrr møtet, sa ogso heradstyret samrøystes at «vedkommende forfald maa ansees lovligt». I møte den 3. september 1841 var alle mann frå Strandvik og Samnanger fråverande «formedelst stormande Weyr». Dei slapp å leggja bot denne gang. I møtet den 21. mars 1846 kom Johannes Matland ein time for seint, og for dette fekk han ei bot på  $\frac{1}{2}$  daler. Han hadde den dagen havt motvind frå Matland til Hatvik (møtet vart den dagen halde på Lyssand), men denne grunn vart ikkje teken god nok, då dei andre frå Fusasokni og frå Samnanger også hadde havt same slag vind på turen utover».*

Det få som kan ha hatt lengre veg enn Nils Qvitingen frå Kvitingen i Samnanger. På denne tida var det korkje bilar eller vegar. Det må tatt Qvittingen heile dagen for å kome seg frå Kvitingen inst i Samnanger ned til Samnangerfjorden, deretter vidare ro heile Samnangerfjorden, vidare til Holsund eller enda lengre til Os eller Fusa/Skjørsand. Desse historiane skildrar på mange måtar kor hardt livet var på denne tida og kor viktig fjorden var for dei som levde her.

I 1842 vart også nokre av møta avhaldne på Molda (like aust for planområdet) hjå Nils Leganger, som var med i Heradstyret. Heradsmøta hjå Leganger vart truleg avhaldne i det som den gong var hovudhuset på Molda, dette huset vart seinare flytta til Osøyro og nytta som kommunehus og står i dag på kyrkjeplata



*Figur 7: Kommunehuset er seinare flytta to gonger, først til Osøyro i 1884 som kommunehus, frå Molda, og så i 1986 vart huset trilla på jarnrøy til Kyrkjeplaten der det har vert kunstgalleri fram til og med 2014. No er det "Os Frivilligsentral" som held til i dette fine gamle bygget.*

Før 1850 var nærmeste landhandleri for folk på Hauge og Os ved Skjørsand eller ved Kvalessund, Osøyro var på denne tida ikkje den handelsstaden/sentrum som det er i dag. Utifra boka om Ous prestegjeld kan ein sjå at det var lenge ein kamp om å få landhandleri på Osøyro. Heradstyret konkluderte på et tidpunkt: «*at på Osøyri burde det slett ikkje væra noko handelsmann, då han berre vilde føra kyrkjefolket ut mot freistingar*» og dei la til at «*vist osingane plent vilde verta av med pengane sine so kunde dei reisa til handelsmannen på Skjørsand som vidle ta imot pengne deira. Eller dei kunde fara til gjestgjevaren i Kvalessund som ogso handla med litt småterri attåt gasterering*» (Tveit, 1937, p. 30). Osøryi fekk til slutt, etter mykje om og men eige landhandel rundt 1850 og Osingane og folket på Hauge kunne no gå til landhandleriet for å kjøpa seg noko småterri, istadenfor å ta den strabasiøse ferda over fjorden eller til Kvalessund.



Figur 8: Handelsbua som tidligare stod på Holsund er i dag ein del av Hordamuseet. Holsund gjestgjevargard allereie på 1600-talet. Fleire av gjestgjevarane kom frå Holstein i Tyskland, mellom anna Hans Mehn, den første gjestgjevaren på Holsund. Andre var Anders Leback og slekta Mowinckel. Andreas Sverin Heiberg Faye og Karen Henrikke Mowinckel. Holsund var tingstaden i det som ein gong var Ous. Tinghuset låg i nærleiken av gjestgjevargarden. Dei som møtte på tinget fekk losji på gjestgjevarstaden. Foto: Svein Nord



Figur 9: Handelsstaden ligg ved ei lun hamn i det smale sundet mellom Innerøy og Ytterøy. I 1730-åra er Kvalesund nemnd som ein nødvendig gjestgjevarstad «For Reisende bønder fra Hardanger, Ous og Strandvig etterdi det er slemme Fiørde på alle Sider og langt Fra andre Hafne». Kring 1800 bygde eigaren Frederik Sørensen Elholm nye hus. Det er dei som står i dag.

### 2.1.7 Handelsstaden Os veks fram

Strandstaden Os tek form midt på 1800-talet. Då byrjar handverkarar og handelsmenn å slå seg ned på øyra ved elveosen. Den reisande som kom med den nyskipa Osbanen til Os i 1895, møtte eit bygdesentrums i rask vekst. Hundre år tidlegare låg det berre ei lita strandsitarstove nede ved elveosen, i tillegg til nausta til gardane Ulven, Kuven, Skogen og Tøsdal. Kyrkjestaden voks litt etter litt til ein liten tettstad, med handverkarar, handelsmenn og skysstasjon. Ein viktig funksjon som vart lagd til kyrkjebakken, her som mange andre stader, var militær eksersis. Kring 1870 ser vi Osøyro som eit byrjande bygdesenter: eksersisplassen, med kvite telt og telthuset ved enden av plassen. (Kjelde: ei grind)



Figur 10: Fram til 1870-åra var Osøyro militær øvingsplass. Kvar preikesøndag om somrane var det eksersis på Osøyro, og der vart det også jamleg halde militærøvingar (Knud Knudsen, eigar av biletssamlinga, universitetsbiblioteket Bergen). Kjelde: ei grind.

Sildeisket skapte stor etterspurnad etter tønner, båtar, fartøy – produkt som kravde god tilgang på skog, særleg furuskog. Bandasmidning og tønnearbeid, båtbygging og fartøybygging er karakteristiske drag ved næringsstrukturen i dei midtre bygdene utover på 1800-talet.



Figur 11: Os har ein stolt båtbyggtradisjon. Oselvaren er den slekt minste av båtane i Gokstadskipet. I 1997 kom Oselvarverstaden i drift som er lokalisert på Haugsneset, ved inngangen til Oselva. Småbåtar frå Gokstadskipet til venstre og Oselvar til Høgre. Biltete henta frå ei grind. Foto: Hans- kr. Bukholm

## 2.1.8 Landliggjarlivet på Os og Hauge.

*Os og Hauge har ei rik reiselivshistorie noko som er særskilt godt skildra av Erik Vangsnes i bladet Osingen frå 1988:*

«Landliggjarlivet høyrer i dag til historia. Etter 2. verdskrigen vart det heilt slutt på denne nær-turismen, med innleige av byfolk på «landet» heime hjå landsfolk.

Geografisk låg Os ideelt til i landliggjar-trafikken med kort veg til Noregs nest største by. Med gode kommunikasjoner både på sjø og land frå 1880-åra og utover, hadde Os gode føresetnader til å utvikla ei reiselivsnæring og det var nok av dei som torde satsa. Hotell og pensjonat skaut opp om paddehattar kring stasjonsbyen og strandstaden Osøyro frå 1880-åra, Desse verksemndene var ikkje berre retta mot gjennomreisande, og innslaget av typiske turistar er her vanskeleg å seia noko sikkert om. Landliggjingga er faktisk enno verre å setja tal på, men det er vel grunn til å tru at i alle tilfelle gardar som låg innanfor spaser-avstand til fjorden hadde sommargjester frå byen.

### Sambandet med Bergen

Landliggjarfamilien var vanlegvis på landet i heile skuleferien, altså i vel 7 veker. Mannen kunne sjølvsagt då berre vera med i dei vekene han sjølv hadde ferie og elles i helgene frå laurdag ettermiddag til sundag kveld. Denne vekependlingen var ikkje mogeleg i frå Os før ein fekk rutegåande dampbåt og utviklinga av kommunikasjonane kringom i kommunen vart heilt avgjerande for å få koma inn på marknaden. Følgjande sitat frå eit brev oppsitjarane på Nordstrøno sende til dampskipsselskapet skulle illustrera dette godt: «Her i Omkredsen er ikke saa faa oppsiddere og baade passager- og varetrafikken har i samme tid steget og vil stige mera om vi kunde faa en bedre og oftere damskipstilgang med byen. Nyligt har man paa Nordstrønen bygget 5 hus og haaber til sommeren at faa byfolk til at bo her da stedet har en vakkert beliggende». Både naturen og kvaliteten på husværa var altså viktig 19 for å trekka til seg sommargjester, men utan «dampen» nyttet det lite. Brevet vart skrive i 1904, men først i 1910 kom det til dagsleide og faste ruter på Nordstrøno. For dei landfaste byggdelaga i Os var det særleg Osbanen, opna i 1894, og seinare bilen og bussen som for alvor kom til å setja fart på landliggjar-trafikken.

### Pionerane

Etter det folk på Hauge fortel ska I det ha vore landliggjarar på dei fleste gardane i dette området alt på 1880-talet. Truleg var dette det mest attraktive strøket i Os. Strekninga Osøyro - Molda hadde både fritt utsyn mot fjordar og fjell, strender og godt vegsamband p.g.a. postvegen til Hatvik. Sjølve jordbrukslandskapet her passa nok og inn i nasjonalromantikken sitt idealbilete av landsbygda, med vistrakte bør og gravhaugar frå fordums tider. Pionerane i denne tidlege turismen var velståande byborgarar. Sjølvom fleire av dei mest pengesterke familiene etter ei tid kjøpte seg eigedomar på staden og bygde sjølve, så forblei desse gardane mellom dei gjevaste for byfolket. Når seinare mest alle gardar i Os kom med og landliggjingga vart mote for eit breidare lag av bergensarar, vart marknaden regulert av marknadslovene. Pionerane sitt område var det dyraste å leiga seg inn i, medan ein i utkantane kunne finna losji til halve prisen. Dermed fekk ein og eit skilje mellom grendene som avspeglar det sterkt lagdelte samfunnet i Noreg fram til 2. verdskrigen. Noko anna som forsterka denne utviklinga var sjølve kontaktnettet som formidlinga av husvære gjekk gjennom. Regelen var at byfolket på tips frå etablerte landliggjarar tok direkte kontakt med huseigaren og gjorde avtale for sommaren. Når spreiingseffekten soleis gjekk ut ifrå ein bestemt familie så vart ofte eit større område prega av denne familien sine venner familie, slekt, nabobar og kjende. Dette var nok eit gode for byfolket, som soleis kunne skapa seg eit miljø av kjende og kjære. Samstundes gjorde denne samansveisinga det vanskeleg for dei bufaste å få innpass. Byfolket vart opplevd som ein lukka familie. Kvardagen på gardane arta seg og høgst forskjellig for sommargjestane og vertskapet.

## Kvardagslivet på garden

Sommarmånadane var ei hektisk tid på gardane med arbeid frå tidleg morgen til seine kvelden. Det meste måtte gjerast med handamakt både i onnearbeid og når veden skulle i hus. Beista skulle ut på utmarksbeite om morgonen og tilbake i floren om kvelden. Hushaldet var tungvint og tok mykje tid. Ungeflokken var ofte stor. Arbeidskrafta ein rådde over til det daglege var kvinnene og barna. Mannfolka var kanhende heime i dei tyngste onneøktene eller ein leigde seg hjelpe, men storparten av gardsarbeidet var det kvinnene som sto for. For gardskona var det inga tid til kaffi-besök, promenadeturar og late dagar i strandkanten. Var det tid att til å sitja saman med gjestene etter ein lang arbeidsdag eller ein møttes på vegen, ja så hadde dei så lite felles erfaringar og så ulike livssituasjonar, at nokon inngåande samtale var utelukka. By og land delte ikkje same kultur og snakka ikkje same språk. For ungane var det annleis. Sjølvom det var vanskeleg å koma ifrå arbeidspliktene ein hadde heime, så hadde ungane eitt til felles: leiken. Byungane var ein kjærkomen auke i kameratflokken og frå byen kom det spennande leikety og spel. Tenk ein ordentleg skinnfotball! Men når dei vaksne skulle organisera noko for ungane t.d. fest i høve årsmålsdag eller båttur på fjorden, så vart landsungane ofte ståande utanfor. For ungdomane var det ein annan skilnad som gjorde seg gjeldande: landsungdomen måtte ut i løna arbeid etter konfirmasjonen medan byungdomen i langt større grad kunne gå vidare på skular. Landsungdomen måtte då oftast reisa vekk for å finna arbeid og var heime berre i helgene. Men då var det mange stadar vanleg at alle samlast på dansar og festar på laurdagskvelden. I Oskrinsen derimot skal slike samvær lenge ha vore vanskeleg, og særleg sønner og døtre av dei mest velståande heldt seg i eigne kretsar. Men sjølv der beilarane fritt fekk stryka om husnovene i seine nattetimar var det uhyre sjeldan at det vart alvor av det. Giftarmål let høyrt til dei vaksne si verd og her var det alvoret som rådde grunnen og ikkje leiken.

## Å bu under same tak

Det som kanskje forbausar ein mest i dag, er kor tett innpå kvarandre dei må ha levd, når både byfamilien og gardsfolket måtte bu under same tak. No hadde bygningsmassen vorte langt betre på dei fleste gardane i Os i siste halvpart av 1800-talet. Mange nye og større våningshus vart bygd, og det var nok dei som rekna seg litt ekstra plass med tanke på å husa byfolk og. Ofte måtte gardsfolket bu både tront og kummerleg for å tena seg dei sårt tiltrengte kronene. Sjølvsagt var det lytt i desse husa, og mange stadar måtte dei dela kjøkken og gong. Likevel gjekk dei ikkje i vegen for kvarandre. Døgnrytmene var som oftast så ulike, at dei knapt såg kvarandre heile dagen. By og land åt til forskjellige tider den gongen, og arbeidsdagen på garden byrja medan byfolket enno sov sin djupaste søvn. Men her var det ikkje berre gardsfolket som måtte «gå på tå hev». Det var viktig for byfamilien å ha eit godt forhold til vertskapet for å halda på plassen. Ofte var det den same familien som leigde i mange år på rad, ja i fleire ti-år. Men med dei store sommarvillaene og hyttebyggjinga byrja ei ny tid.

## Den anonyme hytteeigaren tek over

Ein avgjerande skilnad mellom hytteeigar og landliggjar var forholdet til eigedom. Landliggjaren leigde både hus og båt; båtfeste, kai, vegar og strender fekk han nytta på like line med dei bufaste. Med hytteeigaren kom den private eigedomsretten inn i biletet, bymannen kjøpte seg til einerettar. Motsetningane mellom landliggjaren og vertskapet var nok til stades, men her var det ei gjensidig interesse i å ha eit godt forhold. Med hyttekulturen derimot var det langt fleire interessekonflikter samstundes som det var langt mindre nytte og forteneste å henta for dei bufaste. 17. mai-stemninga på bygdene når byfolket kom første dagane av skuleferien, fekk ikkje si forsetjing med hyttefolket. Hyttefolket kom meir sporadisk og kanskje ikkje i fellesferien eingong. Dei har sine hytter på aude holmar og langt frå folk og vert knapt registrerte av lokalmiljøet. Handelsmannen merkar auka omsetnad, og trafikken på sjø og land er tydeleg større enn elles i året. Men det er ikkje lenger det same folke livet som med landliggjarkulturen, sjølvom det er mykje dei same familiene som før. Med fredslutninga i 1945 vart det ein brå slutt for landliggjartrafikken, og somrane vart med eitt ikkje så livfulle som i hine gode dage.» (Osingen, årsskrift 1988, Erik Vangsnæs).

### 2.1.9 Solstrand Hotell og tidlege feriebustadar


I 1894 kjøpte Norges første statsminister Christian Michelsen småbruket på Haugstræt for 12000kr i 1894 der han også bygde Solstrand Hotel og bad, hotellet er bygd i sveitserstil og stod ferdig i 1896. Christian Michealsen var også skipsreiar og hotellet var først og fremst bygd for sommaropphold for velståande byborgarar. I ettertid har hotellet vore restaurert og ombygd, men opprettholdt sin karakter/stil. Solstrand Hotell har i dag nasjonalt og internasjonalt ry for sine hotell, bad og spa-opplevelingar, står i særstilling med sitt globale publikum, og er definande for området som stad (sjølv om det ligg utanfor planområdet) og som eksponent av Os og det vakre fjordlandskapet. Familien Schau-Larsen som i dag eiger og driver hotellet, dei overtok i 1929. Statsministeren selde fleire delar av eigendomen til slekt og kjøpmenn. Christian Michelsen selde først 45 mål frå småbruket til svoger August Wallendahl, som same året selde den 30 mål store eigendomen til Kjøpmann Conrad Kroepelien som i 1904 selde den vidare til konsul Joachim Greig. Han bygde eit sommarhus i nasjonalromantikkens formspråk over mellomalderens loft, med utkragande svalgangar. Han skilde ut delar av eigendomen til dottera Frida som var gift med arkeologiprofessor Haakon Shetelig. Dei bygde eit sommarhus i klassisk vestnorsk stil, bygga står det den dag i dag. I 1933 vart eigendommen kjøpt av kjøpmann E. Galtung Døsvig, og det er denne familien som har staden i dag (Brekke & Indrelid, 2016).



Figur 12: Solstrand hotell

## 2.1.10 Andre verdskrig



Andre verdskrig (1939-1945) har også satt sine spor på innanfor planområdet med seks krigsminne (innanfor planområdet), lokalisert ved Lurane. I lag med forsvarsanlegga i Mobergsviken utgjorde anlegga ved Haugsneset tyngdepunktet i nøkkelstilling Os for Tyskarane (festung Os). Av krigsminne finn ein innanfor planområdet ei kanonstilling, bunkers og PAK garasje/ ammunisjonslager.



Figur 13. Kart som framhevar kulturminne i form av krigsminne

«

## Spionkart utarbeidd mot slutten av 2. verdskrig



I Os var det fangeleir på Ulven og på Haugsneset.. «I boka det regner i fjellet den aktive illegale, militære motstand i Os, Hordaland, under okkupasjonen 1940-45» er det skrive om desse fangane og forsvarsstillinga som gjer eit innblikk i korleis det var på Os og Hauge under andre verdskrig. To korte utdrag frå boka er vist under:

«Organisation Todt hadde lenge vore i ansel med å byggja tunnelar og bunkerar, både på Haugsneset og ovanom Mobergsviki.

Den 26. Oktober 1942 kom meir arbeidshjelp. Osingane fekk sjå eit syrgjeleg syn. Gjennom Osøyri streva seg ein flokk i filler, utsvelte og magre, ungdomar og tilårskomne om kvarandre. Den eine studde hin. Høgrøysta tyskarvakter kommanderte og heldt kustus.

Det var russiske fangar som var losa til Haugsneset. Der kommanderte dei flokken på nær 250 mann inn i ei brakka som snaudt var bygd for meir enn treparten.

Nye plakatar stod og lesa på husveggene. Det var forbode, og kvalifiserte til dødstraff, å ha det aller minste med dei russiske fangane å gjera».

«Osingane levde i piggråd- og bunkertid.

Etter dei var komne til Os, tok tyskarane snart til å sjå seg om høvlege stillingar for skytsi sine. På Haugsneset og vest for Røtingatangane byrja dei heller snart, med kystartilleri og luftskyts. I Mobergsviki sette dei opp skyts, men ikkje so sterkt som på dei hine stadene. På Rekstern, i sørrenden av Bjørnafjorden, laga dei seg til med stillingar både i nordenden, på Svarvahella, og i sørrenden på Flygandsvær. Likens stakk det ut kaninrøyr på Krossneset.

Bjørnafjorden var omringa av tungt artilleri. I 1943 la tyskarane stor vekt på denne sida av verksemda si. Os vart noko av ein festning innan festung Norwegen. Hausten det året kom tyskarane til Hetlefлотen, og gav huslyden Jackob M. Hetlefлåt tre dagar å evakuera på. Der sette dei opp tre 21 centimeters kanoner, for granatar på 125 kilo. Dei skulde brukast til å sperra Krossfjorden med, og skaut strakt 28 kilometrane til Marsteinen. I Hovlandsfjellet sat telefonvakt, og på Hetlefлотen stilte dei inn etter posisjonen. Elles sette dei opp tre luftskytsleir i haugane der. På garden låg 75-100 mann. Kystartilleriet hadde og stilling på Tyssdal, og der låg jamt 200 mann. I Hatvik laut folket evakuera i april 1943, og ein månad seinare dei som budde på Berge, garden ovanom Hatvik. Her hadde tyskarane elles hatt vaktstyrke lenge. Dei bygde vegar og brakker, og i 1943 vart Hatvik flotehamn for ubåtane. Folk som kom nær nok, kunde telja opp til 14 faty i hamn. Tyskarane hadde jamt 500 mann der, stundom meir. Nokre hundre meter nærmare Os underminerte dei vegen, - i fall engelskmennene dukka opp. Ein osing som rømde frå Sverike, skriv mellom anna i ein rapport 1945: «Strandlinjen Hatvik- Solstrand- Mobergsviken er blitt kraftig befestet. Arbeidet pågått i ca. 3år ved hjelp av russiske og norske tvangsutkrevne mannskaper. En sone med bunkers, piggrådsperringer og landminer». Elles så var det et landminefelt frå Solstrand og opp til Hauge gardane. Heile Haugsneset var avsperra. I Drangsvågen var kystrekka lagt med miner. I tilegg hadde tyskarane læger på Hal gjem og Tuen, i Lønningsdalen og andre stader. Eit kapitel for seg var fangelægri på Ulven og Haugsneset. Eit russelæger var det og på Tyssdal, og midt i april 1943 flutte 85 russarar frå Haugsneset og ut til Lepsøy, der dei blant anna skulde hjelpe med arbeidet på Røtingi. Tyske vakter gjekk sine faste ruter, ved bruver og vegkryss, og sykkelpatruljar var tida og sjå.»

### 2.1.11 Andre verdskrig til i dag

Etter andre verdskrig har folketalet i Os vokse betydeleg, frå omlag 5000 innbyggjarar til rundt 21 000 i 2019. Os er kome nærmare Bergen og har saman med andre faktorar har lagt grobotn for denne utviklinga. Dagens situasjon er at området ved Hauge har høg verdi i bustadsamanheng både grunna områdets attraktivitet ut mot Bjørnefjorden og at det er sentrumsnært og er i dag utbygd med fleire einebustadar. I dag (2019) tar det om lag 40 minuttar til Bergen og i 2022 ved ferdigstilling av E39 Svegtjødn-Rådal vil reisetida halverast. Befolkningsframkrivingar syner at det er sannsynleg at befolkninga i Os skal auke til mellom 25 000 og til 30 000 innan 2040.



Figur 14: Flyfoto av planområdet, 1951. Foto: Norge i bilder



Figur 15: Flyfoto av plaoområdet, 1965. Foto: norge i bilder



Figur 16 Flyfoto av planområdet 2013. Foto: Norge i bilder

Nord i planområdet, er det i seinare tid bygd ut leilegheitsbygg/ lågblokkbusetnad og det er fleire planlagd. Luranetunet (omsorgssenter) vart bygd i 2001 og seinare påbygd i 2017. Det eldre gardstunet ved Kongshaugen (Hauge) vart ombygd i 1997, her står Bjørnafjorden gjestetun i dag. Gravmiljøet (kongshaugen) vert klassifisert som sterkt redusert på grunn av nærleiken til gjestetunet og den asfalterte parkeringsplassen. Noko av det tidlegare kulturlandskapet innanfor planområdet er framleis i intakt, men er sterkt fragmentert mellom veg og bebyggelse, det største samanhengande jordbruksarealet innanfor planområdet ligg like ved Hatvikvegen. Elles er store delar av jordbruksarealet taken vare på nord for planområdet, kvar Bjørnafjorden golfklubb høyrer til i dag. Sør i planområdet er attraktive turvegar, Strandvegen vert nytta av ein større del av innbyggjarane i Os og av brukarane av Solstrand Hotell. Solstrand Hotell, har nasjonalt og internasjonalt ry for sine hotell, bad og spa-opplevelingar og er definande for området som stad (sjølv om det ligg utanfor planområdet) og som eksponent av Os og det vakre fjordlandskapet.




Figur 17: Skråfoto (2018) av Sørlege delar av planområdet (Lurane) og området rundt. Bilete syner blant anna Luranetunet, nyare blokk bebyggelse, einebustadar Kyststien/Døsighagen i sør. Foto: 1881.no



Figur 18: Skråfoto (2018) av planområdet og området rundt. Syner blant anna Solstrand Hotell i sør (park, kyststi m.m), bustad bebyggelse og bjørnafjorden hotell i nord (Kongshaugen og bustadmiljøet rundt). Foto 1881.no

### 3 Registrerte kulturminne (Enkeltobjekt og anlegg).

Det er til saman 13 registrerte kulturminnerområde innanfor planområdet. Det er registrert fleire gravfeltgravrøyser, ein gravhaug, to bautasteinar, fleire krigsminneanlegg, sjakter (busettingsspor) sjå utsnitt under. Dei ulike automatisk freda kulturminna er òg omtalt kvar for seg, fordelt over utvalte delområde. Delområda er inndelt etter geografisk plassering av kulturminne og i forhold til kulturmiljøet rundt,



Figur 19: Kartutsnitt som syner kulturminne innanfor planområdet.

### 3.1 SEFRAK-registrerte bygningar

SEFRAK (Sekretariat for registrering av faste kulturminne i Norge) er eit landsdekkande register over eldre bygningar og andre kulturminne. Det er bygningar frå før 1900 som er registrert. Bygningar som er SEFRAK-registrert er ikkje tillagt spesielle restriksjonar, men det bør gjerast ei lokal vurdering av verneverdien før eventuelt løyve til riving, flytting eller endring av bygningen. For bygningar som er eldre enn 1850 er det lovfesta at ei slik vurdering må gjerast før bygge- eller rivingssøknad blir godkjent (Kulturminnelova § 25).




Figur 20: SEFRAK-registrerte bygningar, tidligare planavgrensning.

### 3.2 Registreringar kulturmiljø- Verdivurderingar

#### 3.3 Generelt


Med grunnlag i metoden som er skissert i kap. 1, er 3 kulturmiljø definert i og ved planområdet. Dei spenner frå middels til stor verdi.



Figur 21: Samla verdi verdivurdering av enkelt objekt og kulturmiljø. Alle automatisk freda kultuminne er gitt stor verdi (nasjonalverdi), SEFRAK- bygningar noko verdi (lokal verdi) det same med krigsminne.

### 3.4 Kulturmiljø 1, Hauge

Kulturmiljøet ligg ved på sørsida av Hatvikvegen og består av fleire SEFRAK-registrerte bygningar og to gravminne og ein bautastein. Kongshaugen syner at det har sete mektige folk på Bø-Hauge på 500-talet. Den andre Kongshaugen i bygda, på Haugland, og dei rike funna på Døso syner at det på denne tida fanst i det minste to, og hende tre storgardar eller maktsentra i Os, med kvar sine ættehovdingar. Joar Hauge og Torstein Hauge var nemde som brukarar på garden Hauge i 1332 og er første menn som er namngjevne her. I middelalderen låg garden Hauge lenge under Lyseklostergodset , frå ein gang på 1400 talet fram til 1873 då Peder Rassmussen Hauge kjøpte bruket. Kulturmiljøet, det gamle tunet, har i seinare tid vert sterkt påverka av utbygging av Bjørnafjorden gjestetun.



Figur 22: Kart som syner kulturmiljø 1



Figur 23: Figur 24: Hovedhuset (Heimahuset) på hauge, i tunet der kongshaugen ligg, er i klassisk samanbygd lemstove frå 1880 åra, med midtark og rasteheller. Den eldste stova er frå midten av 1600- talet er bygd inn i denne lemstova. Bilete er frå 1890- åra og ein ser byfolket på tunet «landliggjarar».



Figur 25: Flyfoto av Hauge 1950-talet. Bjørnefjorden Gjestetun ligg i dag om lag midt i biletet.  
Foto: Widerøe



Figur 26: Flyfoto 1960-talet, viser det kvite våningshuset og den gamle løa på Bjørnefjorden slik dei såg ut før ombygging.  
Foto: Widerøe



Figur 27: Skråfoto Hauge. Som syner området i 2018 med Bjørnafjorden gjestetun oppe til høgre i biletet. Tunet har endra seg mykje sidan 1950 og framstår som meir fragmentert og innestengt. Tunet har mista mykje av sin opprinnlege form.  
Foto:1881.no

## Freda kulturminne

Det er tre automatisk freda kulturminne innanfor kulturmiljøet. Kongshaugen er lokalisert ved inngangen til Bjørnafjorden gjestettun. Kongshaugen (ID: [55240-1](#)) er ein gravhaug datert frå jernalder. Den er plassert her, høgt og fritt med utsyn over Fusafjorden og landsida aust for Fusafjorden. Haugen er 4 meter høg, 20 meter i tverrmål og flat i toppen. Haugen vart restaurert i 1975 etter utgraving året før. Ved Kongshaugen står ein bautastein (ID:60559-1). Denne er datert til å vera frå jernalder. Bautasteinen er av skifer og vart funnen liggjande på garden i gamal tid. Bautaen vart flytta og gjenreist ved innkøyringa då Bjørnefjorden Gjestetun vart bygd. Steinen er 2,7 m over bakkenivå, er knekt like over bakkenivå, men spjelka saman ved hjelp av metallstenger. Steinen er omlag 75 cm brei ved bakken og 40 cm ved toppen. Innanfor gnr/bnr 63/1 er det registrert ein gravhaug (ID: [55240-1](#)) datert jernalder. Røysa er bygd av rullestein med storleik som vekslar mellom 10 cm og 100 cm i diameter. Røysa er grasvaksen og stort sett urørd i austre delen, medan vestre delen er sterkt forstyrra. Like V for midten ligg ei 6 x 8 m nedskoren garasjetomt. Rett over for denne ligg ein 7 x 5 m betongplatting etter eit reve hus. Nett venstre for desse går ein veg gjennom røysa og fram til løa som ligg V for røysa. I juni 1977 vart det grave ein ny veg gjennom røysa og fram til løa og dessutan vart det grave ein ny veg langs med vestlegaste kanten. I sørskjeringa til denne vegen der røysa ligg, kan ein sjå ein 4 m lang og 1/2 m høg rett tørrmur. Denne muren er truleg restar etter hus som har stått oppå røysa i nyare tid. Både i tomteskjeringa og i den nemnde vegskjeringa ligg mykje rullestein. Mest torvfri Stein ligg på sørsida av røysa. Desse er truleg kasta ut i samband med bygging av garasjetomta (kjelde: Kulturminnesøk/askeladden)



Figur 28: Kongshaugen og Bautastein t.v ved inngang til Bjørnafjorden hotell.

## Andre kulturhistoriske verdiar

I Miljøet er det registeret fem SEFRAK- registrerte bygningar. Bjørnafjorden hotell (gnr. 63/bnr. 455 og 646) består av fem bygningar, ein einebustad, ei ombygd løe, eit kårhus, eit vognhus og eit nybygg frå 1997, som er bygd i same stil som resten av tunet. I tillegg er det fleire småhus, som røykehushus og sløyebu – sjå foto under. Bygningsmassen er i hovudsak samla i eit konsentrert tun på den øvre delen av eigedomen, nærmest hovudvegen. Fleire av bygningane er flytta frå andre stader på eigedomen eller nærliggande eigedomar. Dette gjeld mellom anna løa som opphavleg sto i Haugeskiftet. På nedre del av eigedomen ligg det ein bygning, kårhuset. Dette bygget er også flytta frå annan stad på eigedomen.



Nybygg frå 1997



"Løo" - ombygd til gjestehus (SEFRAK-registeret)



Vognhuset



Einebustad - "Heimahuset" (SEFRAK-registeret)



Kårhuset (SEFRAK-registeret)



Garasje



Røykehush (bakerst) og sløyebu




Leikestove

Heima huset (1650): Bygget er registrert som einebustad (heimahuset). Den eldste delen av huset er frå rundt 1650. Huset er kledd med horisontalt trepanel, supanel med kantskjering. Taket er eit vanleg saltak og er kledd med hoggen skifer. Yttervegger består av lafteverk og er bygd etter stavkonstruksjonsprinsippet.



Figur 29 Fasade mot sør tv. og Inngangsparti, våningshuset th.

Den eldste delen av huset vender mot nordaust. Huset er bygd på i to omgangar, fyrste gong i 1880. Då vart huset utvida med stove nummer to. I 1963 vart huset bygd på i mot sør med støve og kjøken. Dei to eldste stovene er oppført i lafta tømmer.



Figur 30 Detalj frå lafta veggar i den eldste stova tv og dør frå stove til gang



Figur 31 Vindauge mot nord tv. og vindauge mot aust th.

Alle vindauge i huset vart skifta i samband med ombygging på 1960-talet. I den eldste stova er det synlege bjelkar i taket. I stova, som vart oppført i 1880, er taket bøgeformet og dekorert med ei utskoren åttebladdrose. Veggane er lafta og det er tre tverrgående bjelkar i taket.



Figur 32 Detaljar frå stova frå 1880-talet, taket er truleg originalt, vindauga vart skifta på 1960-talet

Løo: Den gamle løa er datert 1600-talet, andre kvartal. Opphavleg funksjon var hus for fleire ulike dyr, fôr og reiskap. Opphavleg sto huset i Haugeskiftet, men vart flytta til sin noverande plassering i 1909. Bygget vart bygd på og bygd om tilhøyrande hotellet med utleigeleilegheiter, resepsjon, felles stove og kjøken i 1991.



Figur 33 Fasade mot sør

Huset har vanleg saltak med krum betongkalkstein. Ytterveggane består av grind- eller stavkonstruksjon og elles i horisontalt trepanel, supanel utan kantskjering.



Figur 34 Inngangsparti mot nord tv og fasade mot sør, sett frå vest th

Kårhus: Sørvest på eigedomen ligg eit tidlegare brukt kårhus. Huset er flytta fleire gonger, sist i samband med bygginga av gjestetunet. Bygningen låg då mellom løa og einebustaden. Kårhuset vart i 1990 bygd på og om for utleigeformål og blir i dag nytta i hotelldrifta. Bygget er frå 1900-talet, fyrste kvartal, og er vist som annan SEFRAK-registrert bygning. Opphavleg funksjon var bustadhus for generasjonsfamilie. Bygningen er kledd med horisontalt trepanel, supanel med kantskjering, med vanleg saltak bestående av krum betongtakstein på påbygget og skifer på den eldste delen av bygget. Taket har skifter på den gamle delen og betongtakstein på den «nye».



*Figur 35 Taket har skifter på den gamle delen og betongtakstein på den «nye» tv. og original bygning mot vest, påbygg mot sør*

På gnr/bnr 63/1 er de eit to SEFRAK registrerte bygningar, eit våningshus frå 1700 talet, fjerde kvartal og ei skykkje frå 1800, fjerde kvartal. Løa på eigendomen er frå 1989.




*Figur 36: Gardsmiljøet ved gnr/bnr 63/1*

## Verdivurdering

Gravminnene er automatisk freda og har ut frå dette automatisk høg verneverdi på grunn av alder. Kulturminna er knytt til gardsmiljøet på Hauge og kulturmiljøet har stor tidsdjupne frå jernalder fram til i dag. Garden har tidlegare hatt ein sentral posisjon på Os, noko som er understreka med Kongshaugen ved inngangen til gjestetunet. Gravmiljøet ved Bjørnafjorden gjestettun vert klassifisert som sterkt redusert på grunn av nærleiken til gjestetunet, og den asfalterte parkeringsplassen. Kongshaugen var plassert her, høgt og fritt med utsyn over Fusafjorden og landsida aust for Fusafjorden, men ligg no skjerma bak Gjestettunet. Det eldre tunet (gnr. 63/bnr. 455 og 646) som tidlegare stod her har i stor grad mista sin verdi grunna ombygging. Sjølv om miljøet er påverka av vår eigen tidsalder så er det enkeltelement som er mindre påverka og bygg som har sin opphavlege plassering. Gamle strukturar i Heimahuset er framleis intakte og dei to våningshusa innanfor området har sin opphavlege plassering. Gardsmiljøet på gnr/bnr 63/1, med kulturlandskap, og byggingssmiljø er mindre påverka i dag og det er her ein god samanheng mellom garden og kulturlandskapet i retning fylkesvegen. Elles har tunet tilknyting til tidleg reiselivshistorie med landliggjarar frå Bergen og i tillegg til at Bjørnafjorden gjestetun har drive hotellverksemd her i over 20år.

Dei forhistoriske gravrøysene har stor kunnskapsverdi og er automatisk freda (stor verdi). Miljøet er vurdert til å ha noko opplevingsverdi og noko bruksverdi. Opplevelses verdien for gravrøysa innanfor 63/1 er vurdert til å være sterkt redusert grunna at kulturminne er innanfor privat eide dom og lite tilgjengeleg, gravrøysa er også forstyrra av nyare inngrep. Det er potensiale for å tydeleggjere den kulturhistoriske samanhengen, det er for eksempel ingen informasjonsskilt ved Kongshaugen og Bautasteinen.

Kulturmiljø 1 Hauge har samla sett **middels verdi**



## Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane. Landskapet bør i plankartet gjevast omsynssone c) med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø. Utbygging kan tillatast om støtter opp om og viser omsyn viktige enkeltelement i kulturmiljøet.

### 3.5 Kulturmiljø 2, Austre Lurane

Kulturmiljøet ligg ved på aust for Luranetunet. I Luraneområde er det fleire funn av reiskap i bruk, spor etter bygningar og levemåtar tilbake til bronsealderen. Kulturminna på Lurane syner at det gjennom 4000år har det budd folk på Haugetarrasen- meir enn hundre generasjonar. Hauge og Haugsneset var del av Tyskaranes forsvarstilling «festung Os» under andre verdskrig. Av krigsminne innanfor kulturmiljøet er ein bunkers, eit animasjonslager/bunkes og ein kanonoppstillingsplass. Av automatisk freda kulturminne er det eit busetningsområde (datert: Bronealder/jernalder), eit gravfelt (datert: jernalder) og to bautasteinar (datert Jernalder). Store delar av kulturmiljøet ligg innanfor privat eigedom og er ikkje tilgjengeleg slik det ligg i dag. Fleire kulturminne og krigsminne er fjerna i dette området på grunn av seinare tids utbygging.



Figur 37: Kulturmiljø Hauge.

### 3.5.1 Freda kulturminne

Busetjingsområde (ID: [id: 215886-1](#)) ligg på ei relativt flat beitemark, mellom 46 og 48 m.o.h., med utsikt mot Fusafjorden. Funna vart gjort på ein tørr rygg på marka. Her var undergrunnen betre og bestod av grus og sand med noko silt. Terrenget gjør at vatn drener mot nord, sør og aust og det er difor tørt og fint her. Lokaliteten består av to funnførende sjakter, sjakt 11 og 12. Sjakt 11 vart utvida og går nesten inn i sjakt 12. Av dei til saman 12 strukturane er 10 av dei tolka som stolpehol. 10 av strukturane vart funne i sjakt 11, medan dei to siste i sjakt 12. Samla areal på lokaliteten er 828 m<sup>2</sup>, og det har blitt avdekka til saman 430 m<sup>2</sup>. Lokaliteten er avgrensa av funntomme sjakter mot nord (sjakt 13) og sør (sjakt 10). Det er om lag 10-12 meter frå dei funnførende sjakta til dei tomme. Sturktur 2, ei kokegrop, vart datert til romertid (1940 +/- 30 BP). Struktur 10 vart tolka som ein mogleg gravkontekst og datert til eldre bronsealder (3100 +/-30 og 3130 +/-30). (kjelde: Kultuminnesøk)



Figur 38: Områdebilete av busetjingsområde (ID: [id: 215886-1](#))

Gravfeltet (ID: [101683-1](#)) daterer til Jernalderen. Det er registeret fire røyser. Alle har ein diameter på ca. 2-3 m, og alle er heilt lave. Delvis overgrodde. Trær og kratt veks midt i røysene 1, 3 og 4, mens røys 2 ligg heilt ope. Bortsett frå røys nr. 5, som er forholdsvis stor (ca. 5 m i diameter), er alle de nyregisterte røysene små og lave. (kjelde: Kulturminnesøk)



Figur 39: Områdebilete Gravfeltet (ID: [101683-1](#))

Gravminne (ID: id: 66430-1) er datert Jernalder og ligg 2 m O for eit gjerde, er ei jordblanda røys, 8 m tvm., 0,75 m høg. Fk. 2/3 ligg 4 m NNO for fk. 2/2 og er ei jordblanda røys, ca. 6 m tvm. Fotkjede synleg i aust. Steinring og gardfar som Myhre påviste her i 1971, var ikkje mogleg å finna ved registreringa pga. det høge graset. (kjelde: Kulturminnesøk)



Figur 40: Områdebilete Gravminne (ID: id: 66430-1).

### Andre kulturhistoriske verdiar

Krigsmennelokalitet (Støttepunkt Hauge) Bunkerens. Innenfor flaten ligger en grunnmursruin og en PaK-garasje. Avgrensing av objektene er ikke kontrollert i felten. Skuddfeltet var mot nord, og var tydelig ment som flanke/ryggdekning for støttepunktet. Objektet er i dårlig stand, og delvis falt sammen .(Kjelde: Kultuminnesøk)



Figur 41: Bunkers, Pak garasje/ammunisjonslager.



Figur 42: Bunkers, Pak garasje/ammunisjonslager.

Kanonstandplass. To kanonstandplasser med felles ammunisjonsbunker. Skuddfeltet var mot Solstrandfjæra og Fusafjorden. Trolig var dette standplassen for to 10,5 cm. feltkanoner. Samtlige av objektene sør for veien er i dårlig, eller ødelagt tilstand. (kjelde: Kultuminnesøk)



Figur 43: Bilete av Kanonstilling.

Bunkersen er ein svært godt kamuflert bunker, bygd på Luranes trolig høyeste punkt. Utvendige mål er ca. 12 x 7 meter, bunkeren er bygd i betong og overdekket med naturstein og jord. Slik framstår den pr. i dag som en liten kolle, og kjennes kun ved en lav, rektangulær betongkonstruksjon, ca. 1,5 x 1,5 meter, samt en oval konstruksjon i naturstein, begge på bunkerens tak. Førstnevnte var bunkerens nødutgang, sistnevnte var trolig for nærforsvar. Bunkeren er i god stand, men fullstendig overgrodd. Bunkerens formål er ukjent.  
(Kjelde: kulturminnesøk)



Figur 44: Bilete av bunkers, det er mogleg å komme seg inn i bunkersen via nødutgangen. Bunkersen er godt kamuflert.




Figur 45: Flyfoto av Lurane har fått namnet sitt frå eit landskapselement, ein lur vart som tidlegare brukt for namnet på ein framskoten Fjellhabbe (kjelde, Osingen). Foto: 1881, 2018

### 3.5.2 Verdivurdering


Busetningsområdet, bautastein og gravfelta syner at Lurane har vore busett sidan bronsealderen. Krigsminna syner at det aktivitet her under andre verdskrig som del av støttepunkt Hauge (festung Os). Kulturminna er automatisk freda og har høg verneverdi på grunn av alder. Kulturmiljøet er vurdert til stor kunnskapsverdi, medan oppleveling og bruksverdien er vurdert til å vere låg. Kulturminna er lite synleg i landskapet og delar av gravrøysa er lagt i skog og området er lite tilgjengeleg. Dette reduserer i stor grad opplevings- og bruksverdien for kulturmiljøet. Det same gjeld for krigsminna, dei er gjort lite tilgjengeleg og står til forfall. Bunkersen og PAK garasjen er vurdert til å ha lokal verdi (noko verdi), kanonstillinga er i særstak tilstand. Det er potensiale for å tydeleggjøre den kulturhistoriske samanhengen i området.

Kulturmiljø 2 Lurane har samla sett **middels verdi**.



### 3.6 Kulturmiljø 3, Lyngheim-Solstrand

Kulturmiljøet er lokalisert langs strandlinja frå Lyngheim til Lyssandfjæra. Kulturmiljøet inneheld lyngheimtunet (rosemålarverkstad, lemstove, skykkje), August Wallendahls sommarhus frå 1898 (velbygd Sveitservilla), SEFRAK registeret naust, to krigsminne (løpegrav/ bombekastarstilling), Haakon Sheteligs sommarhus frå 1920 (i klassisk vestlandsstil), Joachim Greigs sommarhus frå 1904 (bygd i nasjonalromantikkens formspråk), Døsvikhagen, Solstrand Hotell frå 1896 (bygd i sveitserstil av norges første statsminister etter unionsoppløysinga med Sverige, Christian Michelsen), kulturminne (i form av gravminne, datert Jernalder, lokalisiert på eigendomen til Solstrand) og naustmiljøet i lyssandfjæra som har blitt bruk av Solstrand hotell og av gardane på Lyssand og Hauge i generasjonar. Kulturmiljøet må sjåast i samanheng med Strandvegen frå Oselvarverkstaden i vest til historiske Solstrand og Moldegård i aust. Den kulturhistoriske samanhengen i landskapet innanfor strekningen Lyngheim til Moldegård er sterk og landskapet framstår som lite fragmentert og påverka av nyare utbygging.



Figur 46: Kartet syner kulturmiljø 3, Lyngheim Solstrand og lokalisering av kultuminne.

## Freda Kulturminne

Innanfor kulturmiljøet er det eit gravminne ved Solstrand hotell. Røysa er bygd av rullestein oppå ein oppstikkande knaus. I dag er steinane oppå kasta ut, og den midtre delen er plana ut ned til berget i ei rund flate med radius 6 m. Midt på denne flata står idag ei flaggstong. Små gangstiar fører opp til flata på fleire stader rundt heile røysa. Røysa ligg som ein krans rundt flata. Mest Stein i vestre del. Berget stuper bratt ned i sjøen på sørsida og vestsida. Røysa er 15 m i tverrmål og 2 - 3 m høg. (Kjelde: Kulturminnesøk)

## Andre kulturhistoriske verdiar

### Krigsminne

*Om lag på høyde med eiendommen Steinneset nr. 48, av tyskerne kalt Amerika Haus pga. sitt noe spesielle eksteriør, går en stikkvei merket "Eventyrvegen" ned mot sør. Denne veien er en løpegrav sprengt ut i fjell, ned til en bombekasterstilling i strandkanten. Stillingen er bygd i betong og er i relativt god stand. Fra stillingen fortsetter løpegraven videre mot øst ca. 20 meter, og ender i en liten forlegningsbunker med en påbygd kampbunker. Denne er bygd i betong, er i god stand, måler eksternt ca. 3 x 3 meter, og har skyteskår mot sør og øst. Forlegningsbunkeren er bygd i cementert naturstein og har falt sammen. I tillegg til aktive forsvarsmidler var støttepunktet omgitt av piggtråd og flere landminefelt, særlig ved Solstrand. Neste objekt i denne delen av krigsmiljøet Riegelstellung Os er en stor bunker av typen Regelbau R 105 b, Mg-Kasematte, eller maskin geværkasematt. Bunkeren lokaliseres på eiendommen Steinneset nr. 35, er bygd i betong og måler ca. 11 x 14 eksternt. Den er i god stand, og i bruk som redskapsbod eller lignende. (kjelde: Kulturminnesøk)*

### Bygningsmiljø

Lynghemtunet er flytta frå Hegglandsdalen (Tveit) til parkeigendomen på Lynghem mellom Os og Solstrand . Det historiske tunet er tenkt å bli ein fin kulturell og sosial møtestad for alle aldersgrupper – eit vindauge mot historia i handverksbygda Os og er ein base for kulturvandringar langs fjorden (kyststien). Det historiske tunet er driven av stiftinga og Vener av Lynghem. Det er bygd på dugnad og med mange støttespelarar, med støtte frå Os kommune. Etter opninga har det alt utmerka seg som ein god kulturarena for formidling av tradisjonar og kulturelle opplevingar. Historisk er Os ei handverksbygd, med mange fine handverk frå 1800-talet. Båtbygging, husbygging og rosemåling har tidlegare vert viktige attåtnæringer i dagleglivet. I leinstova som no er gjenreist på Lynghem, blir ein del av den rike kulturarven teken vare på. Samlingsstaden kring den store grua i eldhuskjøkenet gir oss eit nærbilete av livet kring den opne eldstaden, av gamle handverkstradisjonar og den fargerike biletverda i rosemåling. (Kjelde: tunet lyngeheim.com)



Figur 47: Historiske tunet på Lynghem med Lemstove, skykkje, og Rosemålarverkstaden. Tunet kjem opphavleg frå Tveit i Hegglandsdalen, Annanias Tveit kjøpte tunet på Tveit i 1872 og opp rosemålarverkstad der. Tunet var flytt til Lynghem i 2009. Foto: Tone Brodal Mongstad, sept. 2019

Solstrand Hotellet vart bygd av Norges første statsminister etter unionsoppløysinga med Sverige, Christian Michelsen 1857-1925. Hotellet er bygd i sveitserstil og stod ferdig i 1896. Christian Michealsen var også skipsreiar og hotellet var først og fremst bygd for sommaropphold for velståande byborgarar. I ettertid har hotellet vore restaurert og ombygd, men opprettholdt sin karakter/stil. Solstrand Hotell har i dag nasjonalt og internasjonalt ry for sine hotell, bad og spa-opplevelinger, står i særstilling med sitt globale publikum, og er definierande for området som stad (sjølv om det ligg utanfor planområdet) og som eksponent av Os og det vakre fjordlandskapet. Familien Schau-Larsen som i dag eiger og driver hotellet, dei overtok i 1929. I 1894 kjøpte norges første statsminister Christian Michelsen småbruket på Haugstræt for 12000kr i 1894 der han òg bygde Solstrand Hotel og bad, hotellet er bygd i sveitserstil og stod ferdig i 1896. Statsministeren selde fleire delar av eigedomen til slekt og kjøpmenn. Christian Michelsen selde først 45 mål frå småbruket til svogerden August Wallendahl, som same året selde den 30 mål store eigendomen til Kjøpmann Conrad Kroepelien som i 1904 selde den vidare til konsul Joachim Greig. Han bygde eit sommarhus i nasjonalromantikkens formspråk over mellomalderens loft, med utkragande svalgangar. Han skilde ut delar av eigendomen til dottera Frida som var gift med arkeologiprofessor Haakon Shetelig. Dei bygde eit sommarhus i klassisk vestnorsk, bygga står det den dag i dag. I 1933 vart eigendommen kjøpt av kjøpmann E. Galtung Døsvig, og denne familien som har staden i dag. (Kjelde: Hauge- ein god gard ved fjorden. Nils Georg Brekke, Svien Indrelid).



*Figur 48: August Dahls frå 1898 og hage sommarvilla nedst til venstre i biletet, til venstre i biletet Haakon Sheteligs sommarhus frå 1920. Videre er det 3 nyare einebustadar. Midt i biletet er Døsvikhagen som strekk seg bort til tennisbana. Kyststien går her langs strandlinja på anlagt grus-sti.*



*Figur 49: Joachim Greigs sommarhus frå 1904 med velpleidd hage og fin utsikt mot Fusafjorden, Bjørnafjorden m.m. Bygget er ein loftsbygning i nasjonalromantikkens formspråk. Gnr/bnr 63/14. eigendomen høyrer i dag til familien Døsvig.*



*Figur 50: Naust ved gnr/bnr 63/14*



Figur 51: Haakon Sheteligs sommerhus fra 1920. Sommarhus i klassisk vestnorsk stil. Bygget ligg i planområdet



Figur 52: August Wallendals sommarhus fra 1898- ein velbygd Sveitservilla. Huset ligg utanför planområdet

### Solstrand Hotel

Solstrand Hotellet vart bygd av Norges første statsminister etter unionsoppløysinga med Sverige, Christian Michelsen 1857-1925. Hotellet er bygd i sveitserstil og stod ferdig i 1896. Christian Michealsen var også skipsreiar og hotellet var først og fremst bygd for sommarophald for velståande byborgarar. I ettertid har hotellet vore restaurert og ombygd, men opprettholdt sin karakter/stil. Solstrand Hotell har i dag nasjonalt og internasjonalt ry for sine hotell, bad og spa-opplevelsingar, står i særstilling med sitt globale publikum, og er definierande for området som stad (sjølv om det ligg utanfor planområdet) og som eksponent av Os og det vakre fjordlandskapet. Familien Schau-Larsen som i dag eiger og driver hotellet, dei overtok i 1929.



Figur 53: Områdebilde av Solstrand Hotell 1951. T.h ser man Lyssandfjæra, nærmiljøet der og mogleg Oselvarar som ligg ved sjøden. Foto: Widerøe



Figur 54: Skråfoto av Solstrand Hotell, parkområdet er til privat formål, kyststien forsetter på baksiden av hotellet langs veg. Foto: 1881



Figur 55: Solstrand hotell og det private parkområdet. Bustadfeltet Haugsbrotet i bakgrunnen med Bjørnafjorden gjestetun øvst til høgre i biletet.



Figur 56: 10 kroner 1954-73, portrett av Christian Michelsen.

### Naustmiljø

Fleire av Solstrand sine naboar har naust og bruksrettar i Lyssandfjæra. «Fjæro» er eit viktig friluftsområde aust om Oselva. Ut i frå ortofoto kan ein sjå at nokre av nausta er oppført før 1950, utfrå kartikellrapport er eit av nausta frå 1931, men fleire har kome i seinare tid. Stadsnamnet «Lyssandfjæro» tyder på at fjæro vart brukt av folk på garden Lyssand. Området illustrerer på ein god måte den gamle gardsstrukturen, kvar tuna låg i ei klynge oppe på Huagetarrasen, og kvart bruk hadde eigne naust.



Figur 57: Naustmiljøet i lyssandfjæra

### Moldegård

Ola Molda var den siste Os-bonden på Moldegaard. Omkring 1610 solgte han til presten Samuel Steffenson Loss. Sidan har garden stort sett vore i stormannseie. Slektsnamn som Wrangell, Schelderup, Pritzler, Meidell, Heidberg og Leganger har vært knytt til eigendommen før Mowinckel og Reksten. Mange av "godseierne" har budd her. Ein av dei, tyskeraren Johan Pritzier, som var offiser i hæren. Han bygde nytt hovudhus omkring 1720. Dette er seinare flytta to gongar, først til Osøyro (1884) som kommunehus, og så til Kyrkjeflaten (1986) og har gjort teneste som kunstgalleri og er nå i bruk av Os frivillighetssentral.



Figur 58: Komunehuset er seinare flytta to gongar, først til Osøyro i 1884 som kommunehus, fra Molda, og så i 1986 vart huset trilla på jarnrør til Kyrkjeflaten der det har vrt kunstgalleri fram til og med 2014. No er det "Os Frivilligsentral" som held til i dette fine gamle bygget.

Bergenkjøpmannen Johan Anton Mohr Mowinckel kjøpte Molda i 1883 (Os ættesoge, band 3 side 622). Mowinckel sette opp eit nytt stort hovedhus i Sveitserstil. Sonen Johan Ludwig Mowinckel (tidlegare norsk statsminister), utvida huset og parken. Han kjøpte også nabogarden Klyve som han låg til godset. Han var ein av samfunnsbyggjarane i Os; og finansierte Os gamleheim og Os-soga.

Under krigen ble hovudhuset på Moldegaard brukt av organisasjonen Lebensborn, en institusjon for barn av



Figur 60: Moldegaard bygd i 1883 av Johan Anton Mowinckel. Stod fram til 1965 og er i dag eit parkområde

norske mødre og tyske fedre. På grunn av dette ville familien Mowinckel ikkje flytte inn igjen. Etter okkupasjonen ble nytt bustadhus bygd nede i parken, mens Statens lærerinneskole i husstell fekk overtatt bruken av det gamle Sveitsarhuset. Skulen vart flytta til den nye lærarskolen på Landås i Bergen i 1965. Då ble Moldegaards hovudhus re�e. Moldegard er i dag registeret som naturalistisk hage (akseladd id: 108447-1). Moldegaard er heileigd av familien Mowinckel og driftast i dag av Synnøve og Christopher Mowinckel.


Moldegård namnet kjem frå det gamalnorske mold, godt jordslag, Moldjord.



Figur 61: Skråfoto av Moldegård, parkområdet er privat, kyststien går langs Midtbøvegen- Bjånesvegen. Foto: 1881

### Verdivurdering

Den kulturhistoriske samanhengen i landskapet innanfor strekningen Lyngheim til Moldegård er sterkt og landskapet framstår som lite fragmentert og påverka av nyare utbygging. Kulturmiljøet er i nasjonal samanheng eit framståande og i sjeldan grad gjennomført døme på ein tidleg reiselivsdestinasjon, med rekreasjonslandskap som sprang ut av nasjonalromantiske førestillingar og visjonar om folkehelse, som vaks seg sterke mot slutten av 1800-talet. Strekningen Osøyro- Molda hadde både fritt utsyn mot fjord, fjell og strender og godt vegsamband på grunn av postvegen til Hatvik. Landskapet og jordbrukslandskapet passa godt inn i nasjonalromantikken sitt idealbilete av landsbygda, med vidstrakte bør og gravhaugar frå fordoms tider. Solstrand, Moldegård og feriebustadane er tidstypiske element og er sjeldne i nasjonal samanheng. Omforminga frå eit vanleg gårdsamfunn til eit rekrasjonområde som trakk til seg rikmannsfolk frå Bergen (blant desse to av norges første statsministrar Christian Michaelsen og Johan Ludwig Mowinckel) er et sjeldan omfattande og tidstypisk i norsk samanheng. Området var også brukt av tyskarane som del av forsvarsstillinga festung Os. Område langs Strandvegen frå Lyngheim til Moldegård har lokal, regional, nasjonal og internasjonal bruksverdi og opplevelses verdi i forbindelse med Solstrand Hotell og Bad. Strandvegen og Lyngheim er eit mykje brukt rekrasjonområde for innbyggjarane i Os. Det historiske tunet er tenkt å bli ein fin kulturell og sosial møtestad for alle aldersgrupper – eit vindauge mot historia i handverksbygda Os og er ein base for kulturvandringar langs fjorden. Dei visuelle kvalitetane i området er også høge. Området skil seg ut frå resten av planområdet og framstår mindre fragmentert og påverka frå nyare utbygging. Området har både lokalhistorisk/regional kunnskapsverdi i form av krigsminne, kulturminne og særprega bygningar med kulturhistorisk verdi.



### Sårbarheit og retningsliner for forvalting

Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar. Landskapet bør i gjevast omsynssone c) i plankartet og vidareførast i kommuneplanens arealdel. Omsynsona gjeld særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningsliner som formulerer målsetninga for

forvaltinga av området, og rammer for bruken av det. Landskapet bør ikkje fragmenterast. Solstrand hotell kan utvidast med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø. Det er eit potensiale for å tydeleggjere den kulturhistoriske samanhengen i området ved bruk av foreksempel informasjonsskilt langs Standvegen med beskrivelse av kvart enkelt kulturminne, krigsminne, bygningsmiljø. Os kommune bør innleie eit samarbeid med grunneigarar for å vidareført strandvegen over Solstrand og videre til Moldegård.


### 3.7 Kulturmiljø 4, Den stavangerske postveg Kuven-Stegle

Forbi planområdet går Fv 552 frå Os til Hatvik. På andre sida av dagens avkjørsle til Bjørnefjorden hotell er Fv 137 til Hegglandsdalen, som munnar ut på Rv7 mot Hardanger eller E16 mot Bergen. Dette er del av den stavangerske postveg, som er **regionalt verneverdig**. Postvegen følgde det som i dag er Klokkargarden, kryssa arealet til Os barneskule og Os ungdomsskule, passerte Osbru og følgde Gamle Finnabrekko vidare. Seinare over Hauge og langs Midtbøvegen til Klyva og Stegle.

#### Verdivurdering

Den Stavangerske postveg er eit viktig stykke veghistorie og er vurdert som regionalt verneverdig (middels verdi). Som historisk vegfar, står postvegene i en særstilling. Postvegene er del av første generasjon offentleg vegnett, som har bunde landet sammen.

Kulturmiljø 4 Den stavangerske postveg Kuven-Stegle har samla **middels verdi**




#### Sårbarheit og retningslinjer for forvalting

Det er få spor frå den opprinnlege postvegen innanfor planområdet. Statens vegvesen har sektoransvar for veg-minne og skal høyrast i saker som vedkjem postvegane.

### 3.8 Kulturmiljø 5, Støttepunkt Hauge

Andre verdskrig (1939-1945) har også satt sine spor på innanfor planområdet med seks krigsminne (innanfor planområdet), lokalisert ved Lurane. I lag med forsvarsanleggene i Mobergsviken utgjorde anlegga ved Haugsneset tyngdepunktet i nøkkelstilling Os. Innanfor området finn ein forlegningsbunkers/PEK garasje, kanonstilling og bunkers frå andre verdskrig



Figur 62: Lokalitetar, støttepunkt Hauge

Krigsminne Støttepunkt Hauge	Forfatning	Beskrivelse (kulturminnesøk)
1. Bunkers, Pak garasje/ammunisjonslager	Dårlig stand/står til forfall	Bunkerens. Posisjon ligger i nordre del av den inntegnede flaten. Innenfor flaten ligger en grunnmursruin og en PaK-garasje. Avgrensning av objektene er ikke kontrollert i felten. Skuddfeltet var mot nord, og var tydelig ment som flanke/ryggdekning for støttepunktet. Objektet er i dårlig stand, og delvis falt sammen
2. Kanonoppstillingsplass	Dårlig stand/øydelagt	To kanonstandplasser med felles ammunisjonsbunker. Skuddfeltet var mot Solstrandfjæra og Fusafjorden. Trolig var dette standplassen for to 10,5 cm. feltkanoner. Samtlige av objektene sør for veien er i dårlig, eller øydelagt tilstand
3. Bunkers	God stand	En svært godt kamuflert bunker, bygd på Luranes trolig høyeste punkt. Utvendige mål er ca. 12 x 7 meter, bunkeren er bygd i betong og overdekket med naturstein og jord. Slik framstår den pr. i dag som en liten kolle, og kjennes kun ved en lav, rektagulær betongkonstruksjon, ca. 1,5 x 1,5 meter, samt en oval konstruksjon i naturstein, begge på bunkerens tak. Førstnevnte var bunkerens nødutgang, sistnevnte var trolig for nærforsvar. Bunkeren er i god stand, men fullstendig overgrodd. Bunkerens formål er ukjent.
4. Kommandobukeren	God stand	På Austre Lurane nr. 6, finnes kommandobunkeren for nøkkelstilling Os, eller Gefechtstand, hovedkvarteret for områdesjefen, Stützpunktführer. Bunkeren danner størstedelen av grunnmuren og underkjelleren i boligen som er bygd på bunkerens tak, og bunkeren er derfor ikke synlig eksternt. Internt er bunkerens i meget god stand, tørr, og med intakt original maling. Bunkeren er en speilvendt modifikasjon av typen Regelbau R 117, og består av 9 rom av ulik størrelse, inklusive nærforsvarsrom med skyteskår ved inngangen, samt et observasjonstårn i panserstål. Selve tårnet er skåret av i høyde med boligens stuengulv, men finnes fortsatt intakt i huseiers hage. Den nedre delen av observasjonstårnet er også intakt, med div. ståldeler i god stand. Fra tårnet har man hatt full oversikt over Fusafjorden, Bjørnafjorden og nordre del av Langenuen. Trolig har kommandobukeren også fungert som ildledningssentral for batteriene på Hetlefloten og Tøsdal. Bunkeren er unik, og trolig en forminsket eller modifisert utgave av typen Regelbau R 117.
5. Eføydekkabunkes	Truleg fjerna (bustadbygging)	Eføydekkabunkes, Siden feltregistreringen er det blitt bygget hus ved bunkerens. Det er usikkert om bunkerens fremdeles eksisterer, og geometrien er usikker.

6. Bunker av typen Regelbau R 105 b, Mg-Kasematte, eller maskingeværkasematt.	God stand, og i bruk som redskapsbod eller lignende	Neste objekt i denne delen av krigsminnet Riegelstellung Os er en stor bunker av typen Regelbau R 105 b, Mg-Kasematte, eller maskingeværkasematt. Bunkerens lokaliseres på eiendommen Steinneset nr. 35, er bygd i betong og måler ca. 11 x 14 eksternt. Den er i god stand, og i bruk som redskapsbod eller lignende.
7. Løpegrav sprengt ut i fjell til bombekasterstilling	God stand	Om lag på høyde med eiendommen Steinneset nr. 48, av tyskerne kalt Amerika Haus pga. sitt noe spesielle eksteriør, går en stikkvei merket "Eventyrvegen" ned mot sør. Denne veien er en løpegrav sprengt ut i fjell, ned til en bombekasterstilling i strandkanten. Stillingen er bygd i betong og er i relativt god stand.
8. Liten forlegningsbunker med en påbygd kampbunker	Forlegningsbunkeren er bygd i sementert naturstein og har falt sammen	Forlegningsbunkeren er bygd i sementert naturstein og har falt sammen. I tillegg til aktive forsvarsmidler var støttepunktet omgitt av piggtråd og flere landminefelt, særlig ved Solstrand. Krigsminnet omfatter minst 20 objekter, innenfor et område på ca. 700 x 1000 meter
9. Forlegningsbunker	Fjerna (bustadbygging)	Middelstor forlegningsbunker bygd i betong, beliggende på veiens sørside, ca. 30 meter fra veikrysset. Tett ved denne finnes en grunnmursruin med et trappesystem, trolig etter en brakke, samt flere uidentifiserte betongrester. Lokaliteten eksisterer ikke lenger, pga. ny boligbebyggelse i området.
10. PaK garasje, dvs. ein kanongarasje i betong	Fjerna (bustadbygging)	Ca. 30 meter sør for forlegningsbunkeren finnes en såkalt PaK garasje, dvs. en kanongarasje i betong. Middels stor bunker bygd i betong, som iflg. tysk dokumentasjon var en Sanibunker, eller sanitetsbunker. Objektet eksisterer ikke lenger, da det er bygget boliger på stedet
11. Forlegnings eller sanitetsbunker, løpegrav	Usikker	Bunkeren var trolig en forlegnings eller sanitetsbunker. Utvendig måler den ca. 5 x 8 meter, er bygd i betong med påmurt naturstein for kamuflasje. Bunkeren har inngangsparti i vinkel, og ett rom med to vinduer som er murt igjen. I forkant av bunkeren, finnes en delvis overgrodd løpegrav som ender i en skytestilling med skuddfelt mot sør, dvs. Hatvikveien.

### Verdivurdering

Samla sett har miljøet lokal til regional kunnskapsverdi, og liten til middels opplevingsverdi og bruksverdi. Støttepunktet samla sett vurdert til å ha lokal verdi til regional verdi (noko verdi til middels verdi).

### Kulturmiljø 6 støttepunkt hauge har samla sett **noko til middels verdi**



## 4 Samla vurdering av sårbare område

Alle automatisk freda kulturminne og nyare tids krigsminne, kulturlandskap og viktige bygningsmiljø i og rundt planområdet er sårbar i forhold til videre utbygging.

## 5 Oppsummering og konklusjon

- Heilskaplege kulturmiljø og kulturlandskap og samanhengane mellom desse og bustadmiljøa må takast vare på.
- Opne møte med kulturlandskap / kulturmiljø bør oppretthaldast.
- Kulturmiljøa er sårbar for visuell påverknad og bygging som stenger dei inne. Randsoner og overgangssoner mellom byggeområde og kulturlandskap / kulturmiljø er viktige. Siktlinjer/siktsoner mot det storskala fjordlandskapet.
- Overordna prinsipp for utvikling: Den visuelle samanhengen med overordna fjordlandskap (utsyn) og samanhengen mellom opplevingsverdiar i kulturmiljø, landbruksområde og turområde er området sin viktigaste ressurs og viktig landskapsressurs for Osøyro og bør dyrkast og framhevest. Potensial for skånsam fortetting innafor eksisterande byggjesone og på Hauge/langs Hatvikvegen dersom omsyna over vert ivaretatt.
- Det er potensiale for å tydeleggjere den kulturhistoriske samanhengen i området, opplysningskilt, stiar osv. Dette vil gje kulturmiljøa og dei enkelte kulturminne og krigsminne økt opplevingsverdi, bruksverdi og kunnskapsverdi.

## Kjelder

[www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)  
[www.ngu.no/kart/arealis/](http://www.ngu.no/kart/arealis/)

Askeladden  
kulturminnesøk  
SEFRAK-register (Riksantikvaren)

BREKKE, N.G., 1993, Kulturhistorisk vegbok, Hordaland: Bergen, Nord 4, 480 s.  
HELLAND-HANSEN, W., 2004, Naturhistorisk vegbok: Hordaland: Bergen, Nord 4, 567 s.

Rapport/blad: Hauge- ein god gard ved fjorden. Nils Georg Brekke, Svein Indrelid.

Rapport/blad: Årskrift Osingen, 1988, 1985, 1987, Os mållag.

Rapport: Kulturminnegrunnlag, Osøyro 2018

Bok: Gards og ættesoge for Os band 3, side 536- 562

Bok: Ous prestegjeld: Os, Samnanger, Fusa, Strandvik og Hålandsdalen herader 1837-1937, side 7-15, 23-30, og side 49.

Bok: Det regner i fjellet-: den aktive illegale, militære motstand i Os, Hordaland, under okkupasjonen 1940-45» side 69-70 og 87- 88

Bok: Postvegen over Fusafjellet

- Brekke, N. G., & Indrelid, S. (2016). *Hauge- ein god gard ved fjorden.*
- Helland-Hansen, W., .Bakke, J., .Ersland, G. A., .Bergsvik, A. B., , B., Nils G, , E., Per M, . . . . (2020). Os, frå 2020 del av av nye Bjørnafjorden kommune.
- kulturminnelag., F. (1986). *Postvegen over Fusafjellet 200 år.*
- Tveit, N. (1937). *Ous Prestegjeld. Os, Samnanger, Fusa, Strandvik og Hålandsdalen Herader 1837-1937.* A.S Centraltrykkeriet - Bergen.

